


Sluttrapport



**SKJØTSELSTILTAK VED HENJAHAGANE I LEIKANGER
KOMMUNE**



KORT OPPSUMMERING AV PROSJEKTET

Bakgrunn for prosjektet

30.11.2015 sendte Sogn og Fjordane fylkeskommune ein invitasjon til kommunane om å melde inn prosjekt til bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø. Leikanger kommune og Systrand Sogelag søkte om midlar til sikring, formidling og universell utforming av gravfeltet ved Henjahaugane i Leikanger kommune. Søknaden vart godkjent, og det vart løyvd kr. 81 000,- til tiltaket.

Samandrag av prosjektgjennomføringa


Store delar av arbeidet bestod av å rydde buskass og kratt. Leikanger kommune stilte to mann frå teknisk uteseksjon disponibelt i ei heil arbeidsveke til trefelling. I tillegg nytta kommunen eigen traktor og hengar til å køyre vekk kvistar og tre.

Det vart engasjert ein entreprenør til å kutte tre langs fylkesveg 185. Trea sto i bratt og ulent terreng, og ein måtte nytte heisekran for å få dei ned.

Det er opparbeida ein veg til rastepllassen i gravfeltet. Rasteplassen består av tre benkar og ei bålgrue. I forbindelse med opparbeiding av vegen gjennomført Sogn og Fjordane fylkeskommune ei arkeologisk registrering. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike i samband med undersøkinga.

Systrand sogelag har også delteke i arbeidet med å setje i stand gravfeltet. Sogelaget sin medverknad har vore dugnadsarbeid knytt til å produsere tekst, utforming og produksjon av skilt. Vidare har Sogelaget utført dugnad knytt til rydding av trer og anna vegetasjon og lasting og transport av trer m.v. Totalt har sogelaget utført 160 dugnadstimar på prosjektet. I dette timetalet er det medteke tid til fysisk montering av skilt i gravfeltet og planlagt flytting av gjerde. Arbeidet med å flytte gjerdet har per i dag 29.05.2019 starta, men er ikkje ferdigstilt.





Rapport skriven av:
Kjetil Rørstad Nordvik
Leikanger kommune
29.05.2019